

Kven er det som trampar?

Sam, Ina og Kanon-farfar sit i kanoen.

Dei er klare til å padle vidare.

Det er tungt å padle i den sterke straumen.

Etter ei stund kjem dei til ein foss.

Over fossen er det ei hengjebri.

Dei kan ikkje padle lenger.

Dei kjem seg til land.

I det same høyrer dei eit brøl frå brua.

«Tek eg ikkje feil, var det eit troll,» seier Kanon-farfar.

«EIT TROLL!» roper Sam og Ina. «Troll finst berre i eventyr.»

«Er ikkje de med på eit eventyr no, kanskje?» spør Kanon-farfar.

«Ikkje eit ordentleg eit, vel?» seier Ina.



Oppgaver:

Sjå Arbeidsboka side 37.

Gjer oppgåve 5b.